



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 03.05.2024
Vår ref: 24/01934-2
Dykkar ref: 202305721-7

Fråsegn til høyring av melding med forslag til konsekvensutgreiingsprogram for Re Energi kraftverk i Gloppen kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 3. april 2024.

DMF er statens fagorgan og sektormyndigheit for mineralressursar og mineralverksemd. DMF skal bidra til økt verdiskaping gjennom å leggje til rette for ein langsiktig ressurstilgang basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og tilverking av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har i tillegg som sektormyndigheit eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan- og bygningslova og konsesjonsaker etter anna lovverk.

Om saka

NVE har fått ei melding frå Re Energi AS om bygging av Re Energi kraftverk i Gloppen kommune i Vestland fylke. Re Energi ønskjer å utnytta delar av fallet i Storelva til kraftproduksjon. NVE ber om innspel til kva utgreiingar som bør gjennomførast før det blir utarbeidd ein konsesjonssøknad om bygging av kraftverket.

Fråsegn frå DMF

Ifølgje Norges geologiske undersøking (NGU) sin database er det registrert to grusførekomsttar i tiltaksområdet: Breihaugen¹ og Fløtre². NGU har vurdert begge førekomstane til å ha liten betydning som byggeråstoff. Tiltaket sin forventa påverknad på desse førekomstane er omtalt i førehandsmeldinga under punkt 6.2.3 i kapittel om vurderingar av konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Her er det vurdert at utbygginga i liten grad vil påverke drivverdige førekomsttar, med unntak av deponiområde som er føreslått plassert på deler av grusførekomsten Fløtre. Deponi i område med kjende ressursar kan, etter DMF sin vurdering, gjere eventuelle drivverdige ressursar i førekomsten utilgjengeleg for framtida. Det bør gå fram i omtalen av verknadene av utbygginga.

¹ Breihaugen (NGU): https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=51221

² Fløtre (NGU): https://geo.ngu.no/api/faktaark/grus_pukk/visGrusOmr.php?objid=51219



Det er estimert eit masseoverskot på om lag 200 000 m³ som følgje av utsprenging av tunnel. Under punkt 2.4.6 står det at det er eit behov for knuste fjellmassar i regionen og at det er planlagt å samarbeide med lokale entreprenørar. Bruk av overskotsmassar frå anleggsarbeid er eit viktig ledd i ei meir berekraftig forvaltning av mineralressursar. Massar av god kvalitet bør brukast til samfunnsnyttige formål framfor å bli deponert permanent. Dette bør følgast opp i det vidare arbeidet ved at planlagd massehandtering blir beskrive nærmare. Kvaliteten på massane bør undersøkast på eit tidleg tidspunkt slik at det avklarast kva dei kan brukast til, i tillegg til at areal til eventuell mellomlagring er sikra.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Lars Libach
Fungerande seksjonsleiar

Arita Eline Stene
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Arita Eline Stene

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til: